



Oteråsen 13
5914 ISDALSTØ

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

SØKNAD OM PROSJEKTSTØTTE – KR. 14 000 – TIL BOKPROSJEKTET

Poststader og poststempel fra Nordhordland *Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy*

Posthistorie er lokalhistorie. Det skulle ein ikkje alltid tru om ein slår opp i bygdebøker for å finna ut kor postopneria låg og kven postopnaren var i slekt med. No er dette problemet løyst for bygdene i Nordhordland. I den nye posthistoria om Nordhordland er alle opplysningane om poststader og poststempel samla mellom to permars – ja, her finn du alt frå postføringa på *den Trondhjemiske postvei* på slutten av 1700-talet til dagens *post i butikk*. Poststadene vert presentert kommune for kommune, etter dagens kommunegrenser. Boka inneheld også eit kapittel om posttenesta på lokalbåtane i Nordhordland. Vi reknar med at boka blir på ca. 500 sider.

Striletaggen - Nordhordland filatelistklubb har mange medlemer som er opptekne av lokal posthistorie, og dei har flotte samlingar med frimerke, konvoluttar og andre postale objekt som ved dette høvet har vore nytta som kjelder i arbeidet med bokprosjektet. Eldsjelene bak prosjektet har vore Olav Idsø og Jan B. Thorsheim og Audun Hanstveit.

Olav har samla inn data om poststadene og stempla dei brukte. Jan har hatt ansvaret for innsamling av stempelavtrykk, biletar og detalj-informasjon om poststadene. Han har også stått for utforming av boksidene. Jan B. Torsheim har gjennom mange år vore ein aktiv lokalhistorikar og er for tida leiar i Lindås sogelag. Han vaks opp på eit postkontor og har vore tilsett i Posten i 47 år. Først som pakkmeister, seinare som distribusjonsleiar og landpostbod i Nordhordland. Han har såleis førstehands kjennskap til distriktet og til Posten, noko som bidreg til at dette vil verta ei posthistorisk bok litt utanom det vanlege.

Me er no inne i sluttfasen av arbeidet. Dei siste bileta skal på plass og korrektur vert lese. Boka vil vera klar for trykkeriet i mai/juni 2015. Arne Eriksen, kjend som posthistorisk skribent (og medlem i Striletaggen) bidreg som konsulent i samband med publiseringa.

Prosjektstøtta vil bli nytta til å dekke utgifter til publisering/trykking.
På lista over poststadene i Radøy ønskjer vi å bruke kommunen sitt våpenskjold.

Knarvik, 04.03.2015.

For styret


Jan M. Myklebust

Vedlegg:

- 1) Budsjett og framdriftsplan
- 2) Kopiar av 3 sider frå manuskriptet til boka.